

TILTAKSPLAN MOT RUS

Voss gymnas skal arbeide aktivt og systematisk for eit rusfritt miljø. Rusmiddel omfattar både legale og illegale stoff som tabletar, alkohol og narkotiske stoff.

Mål:

1. Bevisstgjere elevane. Arbeide med haldningar.
2. Følgje opp elevar med rusproblem.

Tiltaksplan vert sett i verk ved:

Mistanke om bruk av rusmiddel

Faglærer tek kontakt med kontaktlærer om eleven har stort fråver, er underytar, trøyt, manglande konsentrasjon, unormal framferd osv.

Kontaktlærer tek "uformell" kontakt og uttrykkjer bekymring. Spør vedkomande rus.

Kontaktlærer spør eleven om rus i elevsamtalen.

Klasselærarråd: Kontaktlærer, faglærer, rådgjevar/ elevinspektør drøftar saka.

Vidare tiltak: Kontaktlærer formidlar bekymring til heimen om eleven er under 18 år.

Samtale med rådgjevar/ elevinspektør

Mistanke om rus på skulen

Jfr. §4 Pliktene til elevane i ordens- og åtferdsreglementet.

(8) f. *Det er forbode å vere påverka av, bruke, oppbevare eller selje rusmiddel på skulen sitt område og ved all aktivitet i skulen sin regi.*

(8) g. *Det er ikkje tillate å røykje eller bruke snus på skulens område.*

Brot på desse reglane vert handsama etter reglane i §6, 7 og 8 i ordensreglementet.

Lærer som observerer rusa elev, tek kontakt med rektor, avdelingsleiar eller elevinspektør som overtek ansvaret.

Leiinga vurderer kva som skal gjerast vidare: t.d.:

Sende eleven heim

Køyre eleven heim

Kontakte politiet

Kontakte skulelege

Kontakte heimen om eleven er under 18 år

Fylgjande skal gjerast:

Samtale mellom elevinspektør, elev, lærar som observerte

Klasselærarråd: Informasjon til faglærer. Oppfølging

Handsaming i ressursteamet med informasjon til OT/PPT

Sal/kjøp av rusmiddel på skulen

Rektor vert kontakta om det kjem fram opplysningar om namngitt elev som sel/kjøper rusmiddel.

Eleven vert kalla inn til rektor.

Rektor melder saka til politiet viss eleven blir tatt på fersk gjerning.

Ved mistanke kan rektor informere politiet.

Jamfør ordens- og åtferdsreglementet: **§7 pkt 2**. Alvorlege brot på ordensreglementet vil bli melde til politiet. Alle typar straffbare forhold som skjer i samband med skulen si verksemd bør meldast til politiet. Politiet må deretter på sjølvstendig grunnlag finne ut om vilkåra for strafferettsleg forfølging, eventuell ransaking og beslag er til stades.

Alle i skulesamfunnet har ansvar for eit positivt skulemiljø. Haldningsskapande arbeid om rus skal integrerast i skulekvardagen, i klassemøte, i elevrådet, i klasselærarråd og på personalmøte.

Me tek eit felles ansvar for ein rusfri skule.